

**Vedrørende utbygging Fløsvika Bustadfelt gnr.196, bnr 4 mfl.**

Allereie frå byrjinga, vart det etter mi meining gjort grove sakshandsamingsfeil i denne saka. Eg som grunneigar av gnr 195, bnr 9 og 12, blei aldri informert om at eigedomen min var innlemma i ein omregulering. Eg har difor ikkje fått moglegheit til å kome med eigne innspel til korleis eigedomen min kan regulerast. Slik det er no er eg heilt overkjøyrd. Eg kan berre kjempa imot det som allereie er teikna inn.

Vidare fekk eg, som planen går mest utover, heller aldri tilsendt nabovarsel frå tiltakshaver av Fløsvika bustadfelt. Eg gav skriftleg beskjed om manglande nabovarsel til sakshandsamar i Lindås kommune, men eg har enno ikkje motteke dette.

Eg fekk ad omveier likevel vete om varselet og fekk tak i kart og dokumenter i tide. Eg såg då at mi eigedom var innlemma i planen med bla veg, gangveg, friareal samt leikeplass. Dette vart det frå mi side send inn ein skarp protest mot.

Ut frå tilbakemeldingane frå sakshandsamar i kommunen, tolker eg svaret slik at mine merknader til saken ikkje er teke hensyn til:

*«Vurdering av merknad frå Ole Magnus Leknes:*

*Trasè for o\_SGG1 vert justert heilt ned til funksjonell strandsone. Samstundes vert Leknes sitt potensielle bustadfelt BFS10 utvida fram til Funksjonell strandsone. Situasjonsplanen for fortetting skal vise at krav til uteopphaldsareal i kommuneplanen er oppfylt. Administrasjonen ser på o\_SGG1 som ein viktig samankoplingsveg mot eksisterande bustadfelt. Leikeplassen f\_BLK3 var gjennom rekkefølgekrav knytt til ei eventuelt framtidig utbygging av BFS10 (gbnr. 195 og bnr.,9,12). Dersom f\_BLK3 vert teken ut av planen, må dette kravet til leikeareal ligge inne som ei føring knytt til ei eventuell framtidig utbygging av BFS10.»*

Dette er heilt uakseptabelt sett frå mi side. Det vert soleis ikkje gjeve løyve til noko som helst inngrep på min eigedom. Utbyggjar får halde seg på det området han alt har, og ikkje plage andre med å dra inn areal frå naboane.

Eg vil nemne at eg tidlegare har bidratt med ca. 25 mål eigedom for utbygging i Leknesbygda gjennom Storneset A/S. Og vassleidning til Leiknes byggefelt, til Storneset og til Midtgårdfeltet, går over min eigedom, med dei begrensningar dette medfører. Dette får vere stort nok bidrag frå mi side.

Videre vil eg nemna skulesituasjonen ved Leiknes skule. Etter ei dyr utviding, er skulen faktisk fullsett alt slik det er i dag. Difor kan eg ikkje sjå nokon som helst fornuft i meir utbygging i område som soknar til Leiknes skule. Eg meiner difor at planen må avvisast, og leggast på is til skulesituasjonen er slik at ei utbygging treng finna stad.

Dette er ein eigedom som har gått i arv frå min bestefar, til min far og mor, og sidan til meg. Den vil eg overlata til mine born slik den er i dag, utan utidige inngrep. Tykkjer deko at dette er for mykje å forlange?

Ole Magnus Leknes